



Statens vegvesen

Stein Otto Hole

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/130481-9

Dykkar referanse:

Vår dato:
15.05.2017

Oppheving av vedtak og uttale til dispensasjon – Byggjegrense – Minireinseanlegg – Fv. 398 –Gnr. 103 bnr. 7 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad om etablering av mini-reinseanlegg på gnr. 103 bnr. 7 i Lindås kommune.

Vi avslo søknad om etablering av mini-reinseanlegg etter veglova i vedtak av 16.12.2016, med grunngjeving at teknisk installasjon låg i ein avstand på berre 7 meter frå vegmidte.

Oppheving av vedtak:

Lindås kommune har eigen føresegn til arealdelen av kommuneplan som gjeld byggjegrense langs veg. Det er difor Lindås kommune som har heimel til få fatte vedtak om dispensasjon frå byggjegrensa. Med heimel i forvaltningslova § 35 opphever vi vårt vedtak etter veglova, snr. 16/130481-5 datert 16.12.2017.

Vi seier oss lei for det meirarbeid dette medfører. Du må no ta kontakt med Lindås kommune om vidare saksgang. Nedanfor følgjer ei uttale som du kan nytte til kommunen sin behandling av søknaden:

Uttale til dispensasjon:

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan- og bygningslova § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen avslo ein søknad om oppføring av teknisk installasjon innanfor byggjegrænse langs veg, då vi meinte tiltaket kom for nære vegen. Denne vurderinga står ved lag.

Søkjjar har no sendt inn eit nytt framlegg for tiltaket – utan kartvedlegg – der det vert skissert at tiltaket kan trekkast om lag 10 meter vekk frå vegmidte. Vi meiner at dette er ein avstand vi kan akseptere. Kommunen må då setje vilkår om at det ikkje kan krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at innretninga ligg nær FV. 404.

Når det gjeld utslepp til bekk og stikkrenne under fylkesveg har vi ikkje merknad til dette så lenge kommunen godkjenner utsleppet.

Vi gjer merksam på at arbeidet kan krevje arbeidsvarsling dersom tiltaket medfører arbeid på eller langs veg. Dersom tiltaket kjem nærare vegkant enn 3 meter må det søkjast om graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Vi ber om å få sendt over kommunen sitt vedtak for klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ